

# Etne kommune

## SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Komite Forvaltning	11.12.2014	119/14	ERK
Kommunestyre	16.12.2014	077/14	ERK

<b>Sakshandsamar:</b> Erik Kvalheim	<b>Arkiv:</b> N-469	<b>Arkivsaknr:</b> 2010001505
--	---------------------	----------------------------------

### FORVALTNINGSPLAN FOR VASSREGION SUNNHORDLAND, HORDALAND OG HAUGALANDET, ROGALAND. HØYRING

#### Vedlegg i saka:

Høyring av regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 og tiltaksprogram:  
<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3651898>

Lokal tiltaksanalyser i Hordaland vassregion, inkl. link til vassområde Sunnhordland:  
<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3647842>

#### Utrykte saksdokument:

Overvakingsprogram Hordaland:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3651883>

Høyring av regional plan for vassregion Rogaland 2016-2021 og tiltaksprogram:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=60395&amid=3651934>

Lokale tiltaksanalyser, Rogaland:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=64683&amid=3647909>

Kortversjon, Rogaland:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=60395&amid=3653697>

#### Saksgang:

Komite Forvaltning

Kommunestyret

#### Utskrift til:

Hordaland Fylkeskommune: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) (merka 2014 / 16490)

Rogaland Fylkeskommune: [firmapost@rogfk.no](mailto:firmapost@rogfk.no)

## SAKSUTGREIING:

### 1. Kva saka gjeld:

Saka gjeld fråsegn til framlagte forvaltningsplanar og tiltaksprogram for vassregion Sunnhordland og Haugalandet 2016-2021, knytt til oppfølging av EUs vassdirektiv. Ein del av Etne kommune drenerer mot Rogaland (øvre delar av Vikedalsvassdraget (Bjønndalen) og øvst i Rødneelva i Sørfjellet (Holmavatn, Furevatn og Lysevatn mm), og vi gir såleis ein sams uttale til dei to regionplanane.

Der ligg store mengder dokument til grunn for saka, sjå vedlegg. KS har utarbeidet ein mal for saksutgreiing som vi nyttar oss av:

-----

Fylkesutvala i Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har vedtatt å leggje sine respektive forslag til regionale planar for vassforvaltning og regionalt tiltaksprogram ut til høyring.


Høringsfrist er 31.12 2014. Endeleg forslag til plan blir utarbeidd av vassregionmyndigheita og fylkeskommunane i samarbeid med vassregionutvalet. Sluttbehandling av planen skjer i dei berørte fylkeskommunane våren 2015. Vedtatt regional plan vert oversend til sentral godkjenning ved Kongen i statsråd innan 1. juli 2015.

Planen gir regionale og statlege føringar til kommunane, regionale og statlege organ, og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Dersom retningslinjene vert fråvikne, gir dette grunnlag for å fremje innseiing etter plan- og bygningslova. Den regionale planen fastset miljøkvalitetsnormer for elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla vert fastsette ifølgje vassforskrifta §§ 4-6 og unntak vert fastsett ifølgje §§ 8-11. Den regionale planen legg føringar for når miljømåla skal nåast, høvesvis innanfor planperioden 2016-2021, eller utsettast til seinare planperiodar (2022-2027 eller 2028-2033).

Tiltaka skal vere operative innan tre år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt, og det er dei ulike sektormyndigheitene som er ansvarlege for oppfølging av tiltaka.

### 2. Bakgrunn for saka:

I 2007 vedtok Stortinget "Forskrift om rammer for vannforvaltningen" (vassforskrifta), som implementerer EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Føremålet med vassforskrifta er å gi rammer for fastsetjing av miljøsmål som skal sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av våre vassressursar. Forskrifta skal sikre at det vert utarbeidd og vedtatt regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram for kvar vassregion, med sikte på å oppfylle miljømåla. Samtidig skal vassforskrifta syte for at det vert framskaffa naudsynt kunnskapsgrunnlag for å kunne gjennomføre dette arbeidet. Alle vassførekomstar skal karakteriserast før ein byrjar på undersøkingar og overvåking som gir grunnlag for tiltaksplanar. Vasskvalitet er stikkordet for alt arbeid, og målet er å oppnå minimum god økologisk og kjemisk tilstand - i utgangspunktet i alle vassførekomstar.



Figur 1. Miljømålet for alt vatn er god tilstand.



Figur 2. Planhjulet for gjennomføring etter vassforskrifta.

Arbeidet etter vassforskrifta vil fortsetje å kreve eit stort engasjement frå kommunane og staten, også etter at vassforvaltnings- og tiltaksplanar er vedtatt. Vassområdeutvalet skal sikre eigarkommunane si medverking og forplikting, samt fagleg forankring og kontinuitet i arbeidet mot god kjemisk og økologisk vasskvalitet. Vassområdeutvalet skal og koordinere det vidare tiltaksarbeidet og vere ein arena for kompetanseinnhenting, erfaringsinnhenting og samhandling.

### 3. Problemstilling:

Korleis og på kva område planen vil påvirke kommunen:

Som myndigheit, til dømes for pålegg knytt til spreidde avløp (i tråd med forureiningslova). Dette krev lokalpolitiske prosessar rundt vedtak og gjennomføring, ikkje minst fordi dette i hovudsak er private anlegg som ikkje er gebyrfinansierte.

Som tenesteprodusent, til dømes innanfor VA, landbruk, som kraftprodusent eller hamneigar. Dette er område som har innverknad på korvidt ein når miljømål, og som kan få ansvar for gjennomføring av tiltak. Ei utfordring er at manglande kunnskapsgrunnlag (medrekna og faktiske effektar av tiltak) vil kunne medføre pålegg av kostnadskrevjande tiltak utan sikker effekt.

Som samfunnsutviklar, til dømes i samband med avvegingar mellom miljømål og gode rammebetingingar for næring (fiskeri, industri). Mål og ambisjonar må avvegast i høve til kostnad og effekt.

#### Forankring av planar i kommunen

Vedtatte forvaltningsplanar med tiltaksprogram må og innarbeidast i den enkelte kommune sine planar; kommuneplan, kommunedelplanar og handlingsplanar/sectorplanar.

#### Skildring av kostnader/finansiering

Det er kostnader knytt til arbeidet i kvart enkelt vassområde. Så langt har kommunane tatt ein stor andel av kostnadane knytt til å utarbeide lokale tiltaksanalysar. I tillegg er det i forslaga til forvaltningsplanar primært definert tiltak som fell inn under kommunens sektoransvar. Det manglar informasjon og tiltaksforslag frå mange andre sektorar. Det kan derfor vere fristande å gripe fatt i dei tiltaka som allereie er føreslått – der kommunane har ansvaret for langt dei fleste. Det finst dermed risiko for at dei endelege tiltaksplanane ikkje er prioriterte etter eit kost-nytte-prinsipp, men at tiltaka med mest presise kostnadsvurderingar vert valde. Det er ein risiko for at kommunane og avlaupssektoren får rekninga, fordi det er her det finst konkrete tiltak og stringent myndigheitsoppfølging. Mange aktørar er involverte, men svært mykje av tiltaksoppfølginga vil skje via kommunane. Viss ikkje sektorinteresser som landbruk, fisk, samferdsel og energiproduksjon blir med som fullbyrdige påvirkarar i forvaltningsplan m/ tiltaksprogram – og der tiltak vert prioritert ut frå gode kost/nytte-berekningar – blir det ikkje ei heilskapleg vassforvaltning. Miljømåla vil då bli innfridde på ein svært kostnadskrevjande måte, og det vil ikkje vere mogleg å innfri alle mål.

-----

Vindafjord og Etne kommunar har samarbeida og representert kvarandre på møta i vassområda i Sunnhordland og Haugalandet, sidan vi har areal i begge områda. Vi klipper inn litt frå Vindafjord kommune sitt saksdokument:

#### **Regional plan for vassforvaltning i Rogaland og Hordaland:**

##### Vesentlige vassforvaltningsspørsmål

Dokumenta «Vesentlige vannforvaltningsspørsmål» vart utarbeida i 2012/2013 i begge vassområda. Målet med dokumenta var å skape grunnlag for brei medverknad og forankring av prioriteringar og utfordringar tidlig i planprosessen. Kommunar og regionale sektormyndigheiter hadde ei særlig viktig rolle for å bidra med innspel, men også interesseorganisasjonar, næringsinteresser, og andre vart invitert til å gi innspel. Med bakgrunn i tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag og mottekne innspel, vart det vurdert å vera 12 vesentlege utfordringar for planprosessen for planperioden;

1. Mogeleg konflikt mellom behovet for auka kraftproduksjon og større grad av miljøomsyn i konsesjonsvilkår
2. Mogeleg konflikt mellom mål om auka matproduksjon og mål om god miljøtilstand i allereie jordbrukspåverka vassdrag

3. Det er behov for meir kunnskap om påverkingar på vassmiljøet og fisk i fjordane og i kystvatn
4. Det er behov for meir kunnskap om omfang av utslepp frå landbruk og avløp
5. Det er behov for auka kunnskap om omfanget av avrenning frå urbane område
6. Det er behov for meir kunnskap om jordsmonn og effekt av landbrukstiltak
7. Det kan vera vanskeleg å nå miljømåla i dei mest intensive jordbruksområda
8. Det kan vera vanskeleg å nå måla i dei mest forureina hamne- og fjordområda
9. Det trengs nasjonal og internasjonal handlekraft for å ytterlegare redusere langtransportert forureining (sur nedbør)
10. Det trengs nasjonal og internasjonal handlekraft for å hindre spreiding av framande arter i kystvatn
11. Vatn- og avløpsnett er ikkje tilpassa klimaendringane som kjem
12. Det kan vera vanskeleg å identifisere og iverksetje tiltak i vassførekomstar med mange kjelder til påverknad

«Vesentlige vannforvaltningsspørsmål» for vassregion Rogaland vart godkjent med følgjande merknad; «Fiskeridirektoratet Region Sør presiserer at de er sektormyndighet etter Akvakulturloven og mener deres sektorinteresser ikke er ivaretatt i dokumentet. Fiskeridirektoratet Region Sør godtar ikke de beskrivelser i dokumentet som gjelder akvakultur og meldte uenighet på dette.». Usemja som kom fram om akvakultur er tatt tak i av sektormyndigheit og vidare kommentert i plandokumenta.

#### Tiltaksanalysar

Arbeidet med å utarbeida tiltaksanalyse for kvart av vassområda starta opp våren 2013 og vart endeleg ferdig våren 2014. Arbeidet tok ekstra mykje tid grunna ufullstendig klassifisering av vatn og manglande innspel frå fleire sektormyndigheiter.

#### Kunnskapsgrunnlaget

Eksisterande kunnskap om tilstanden til vatnet er henta inn og lagt inn i det nettbaserte nasjonale kartsystemet Vann-Nett. Fylkesmannen har hatt hovudansvar for karakteriserings- og klassifiseringsarbeidet, mens sektormyndigheitene har bidrege med kvalitetssikring. Der ein ikkje har hatt tilgjengeleg overvakingssida, er faglege vurderingar lagt til grunn. Vann-Nett vil vera ein database som blir oppdatert heile tida i takt med at nye data blir lagt inn.

Behov for meir kunnskap kom klart frem i arbeidet med å karakterisera fjord- og kystområda. For å avklare usemje mellom sektormyndigheitene om miljøstatus og risiko for sjøområda, vart det gjennomført problemkartlegging undervegs i planprosessen. Usemja som kom fram midt i planprosessen (Fiskeridirektoratet Region Sør), viser kor viktig det er å ha eit godt fundamentert kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet.

Dei regionale planane viser at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å utføra fullstendige vurderingar av tiltaksbehova for veldig mange av vassførekomstane i begge vassregionane. Det er behov for eit betydeleg løft på overvakingssida for å få etablert tilstrekkeleg kunnskap om miljøtilstanden og eventuelt behov for tiltak.

Regional plan og tiltaksprogram for både Rogaland og Hordaland er utarbeida basert på det kunnskapsgrunnlaget som var tilgjengeleg i starten av 2014. Det er foreslått miljømål for vassførekomstane, tiltak for vassførekomstar i risiko og det er føreslått prioriteringar av enkelte tema eller geografiske område.

Det er peika ut 9 tiltaksområde som bør prioriterast i tiltaksperioden (2016-2021).

1. Forsuring
  2. Landbrukssektoren
  3. Vasskraftreguleringar
  4. Habitatforbetrande tiltak
  5. Vass- og avløpssektoren
  6. Forureina sediment
  7. Framande artar i ferskvatn
  8. Arealplanlegging
  9. Sektorovergripande tiltaksplanar og utredningar
- 

#### 4. Vurdering:

Tiltaksområda er skildra i vedlegga i høve til utfordringa og moglege avbøtande tiltak. Mest konkret for Etne kommune sin del er tiltaksanalysen for vassområde Sunnhordland. Her er dei vurderte vassdraga lista opp i tabellar i høve til utfordringar, risiko og kategorisering.

Det er i første rekkje dei største vassdraga i Etne kommune som er vurdert i denne første planperioden, særskilt då lakseførande og/eller regulerte vassdrag som Etnevassdraget, Fjøravassdraget, Mosneselva, Vikedalsvassdraget og Rødneelva, pluss elver og vatn i reguleringsområda til SKL i Åkrafjorden og Haugaland Kraft i Litledalen. Dei fleste av vassdraga er grunna inngrep eller påverknad av lakselus og oppdrettslaks kategorisert som *moderat, dårleg eller svært dårleg* økologisk tilstand. Tiltak i høve oppdrettsnæringa er utsett til neste planperiode, men næringa blir følgt opp etter andre lovverk og føringar. I høve regulerte vassdrag, så vil kraftanlegga i Litledalen få ei vurdering etter vassføresegna i samband med oppgraderingsprosjektet *Nye Etne*. Regulerte vassdrag blir vurdert i høve kost – nytte i høve til pålegg om miljøtiltak. Vi trur SKL sine overførte vassdrag i Åkrafjorden har stor nytteverdi i så måte. NVE er ansvarleg mynde til å følgje opp innan vasskraft.

Kommunen sine ansvarsområde er i stor grad knytt til landbruk, vatn og avløp, forureining og arealplanlegging. Alle desse er sektorområde det blir arbeidd mykje med allereie. Nedre delar av Etnevassdraget med sidebekker er tidvis påverka av næringstilsig frå landbruket. Resipientundersøkingar frå Etnefjorden frå 2006 gir ingen indikator på at tilsig frå landbruk og avløp mm. er eit problem. Men kunnskapsgrunnlaget er for dårleg, og det blir såleis gjort framlegg om at det må gjennomførast miljøovervaking i første planperiode. Det er ikkje så mykje å seie på dette, sidan Etne er ei bygd med intensivt landbruk. Derimot kan vi håpe at staten tek kostnadene med undersøkingane og vassprøvane for dette; der er allereie løyvd ein del midlar i Hordaland, og nasjonale laksevassdrag og -fjordar bør då bli prioritert. Generelt når det gjeld tiltaksdelen av vassdirektivet vil prinsippet om at forureinaren-skal-betale ligge til grunn, så vi kan ikkje utelukke at der vil kome krav om lokal medverknad. Til no har arbeidet for vår del vore av administrativ art, i hovudsak møteverksemd og sakshandsaming.

Der er elles gjort framlegg om å fortsette kalking av Rødneelva, styrt av fylkesmannen i Rogaland. Ein del av kalken har vore spreidd i vatna på vår side av grensa. Utover dette er der ingen område i Etne som blir kalka lenger. I tiltaksanalysen for Haugalandet er der også ein del omtale av miljøtiltak i landbruket, m.a. i høve til økonomiske insentiv og gulrotprinsippet. Tiltaka nemnt for Vikedalsvassdraget er nok tiltenkt lågareliggande delar av vassdraget.

**KONKLUSJON:** Vi kunne sagt mykje meir om utfordringar og arbeid som blir gjort innan sektorområda kommunen har ansvar for, men ser ikkje dette som naudsynt i denne omgang. Oppfølging av vassdirektivet vil bli arbeid med i mange år framover, og der vil kome nye tiltaksplanar etter kvart. Kunnskapsgrunnlaget vil betre seg undervegs, og kan gi grunnlag for at økologisk tilstand for vassdrag kan bli endra. Såleis avgrensar rådmannen seg til å leggje fram mest generelle innspel i denne omgang, der vi, ved sidan av å gi uttrykk for at vi sjølv skal gjere vår del av jobben med vassdirektivet, streker under det statlege ansvaret som ligg i høve til økonomisk oppfølging og behovet for informasjonstiltak innan ulike sektorområde.

Pkt. 1 og første del av pkt. 2 i tilrådinga kjem frå KS sitt saksframlegg. Pkt. 3 er kopiert frå Vindafjord kommune si tilråding. Pkt. 4 om behovet for infotiltak i statleg og regional regi er spesifisert litt ekstra, fordi det er eit viktig punkt. Det vil vere lite føremålstenleg og dårleg ressursbruk om kommune kvar for seg må utarbeide informasjonsmateriell lokalt for å følgje opp direktivet. Sjølv om der finst mye materiell allereie, t.d. om miljøtiltak i landbruket, må dette gåast gjennom på ny og formidlast etter ein gjennomtenkt plan.

### **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

1. Etne kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ein sams, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ønskjer å vere ein aktiv bidragsyter til at måla i vassføresegna blir nådd.
2. Etne kommune vil framheve behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre implementeringa av direktivet i vassforvaltninga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innafor ulike sektorområde.  
Statleg nivå må ta eit særskilt ansvar for finansiering og oppfølging av tiltak innan nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar, som t.d. Etnevassdraget og Etnefjorden.
3. Faktagrnnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikker og må betrast i første planperiode. Det same gjeld for vurdering av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål.
4. Ein stor del av utfordringane knytt til oppfølging av vassdirektivet er sams for mange kommunar og andre involverte grupper. Det må frå statleg og fylkeskommunalt hald lagast planar for nasjonale og regionale informasjonstiltak og – kampanjar i samband med oppfølging av direktivet. Hovudfokus må ligge på skildring av aktuelle miljøtiltak innan ulike sektorområde; for Etne kommune er landbrukssektoren særskilt viktig. Arbeidet må gjerast i samarbeid med berørte partar og deira organisasjonar.

### **11.12.2014 KOMITE FORVALTNING**

### **FV-119/14 TILRÅDING FRÅ KOMITE FORVALTNING TIL KOMMUNESTYRET: samrøystes**

1. Etne kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ein sams, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ønskjer å vere ein aktiv bidragsyter til at måla i vassføresegna blir nådd.
2. Etne kommune vil framheve behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre implementeringa av direktivet i vassforvaltninga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innafør ulike sektorområde.  
Statleg nivå må ta eit særskilt ansvar for finansiering og oppfølging av tiltak innan nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar, som t.d. Etnevassdraget og Etnefjorden.
3. Faktagrunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikker og må betrast i første planperiode. Det same gjeld for vurdering av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål.
4. Ein stor del av utfordringane knytt til oppfølging av vassdirektivet er sams for mange kommunar og andre involverte grupper. Det må frå statleg og fylkeskommunalt hald lagast planar for nasjonale og regionale informasjonstiltak og – kampanjar i samband med oppfølging av direktivet. Hovudfokus må ligge på skildring av aktuelle miljøtiltak innan ulike sektorområde; for Etne kommune er landbrukssektoren særskilt viktig. Arbeidet må gjerast i samarbeid med berørte partar og deira organisasjonar.

## 16.12.2014 KOMMUNESTYRE

### K-077/14 VEDTAK: (samrøystes)

1. Etne kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ein sams, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ønskjer å vere ein aktiv bidragsyter til at måla i vassføresegna blir nådd.
2. Etne kommune vil framheve behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre implementeringa av direktivet i vassforvaltninga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innafør ulike sektorområde.  
Statleg nivå må ta eit særskilt ansvar for finansiering og oppfølging av tiltak innan nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar, som t.d. Etnevassdraget og Etnefjorden.
3. Faktagrunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikker og må betrast i første planperiode. Det same gjeld for vurdering av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål.
4. Ein stor del av utfordringane knytt til oppfølging av vassdirektivet er sams for mange kommunar og andre involverte grupper. Det må frå statleg og fylkeskommunalt hald lagast planar for nasjonale og regionale informasjonstiltak og – kampanjar i samband med oppfølging av direktivet. Hovudfokus må ligge på skildring av aktuelle miljøtiltak innan ulike sektorområde; for Etne kommune er landbrukssektoren særskilt viktig. Arbeidet må gjerast i samarbeid med berørte partar og deira organisasjonar.

22.12.14  
ETNE KOMMUNE  
Rett utskrift  
Eva Wiik Hustoft